

Reguleringsføresegner for massetak Eide

Plan-ID 2020002

§ 1 Avgrensing og føremål

Planområdet er vist med plangrense på plankart utarbeidd av Luster kommune datert 19.07.2021.

Føremålet med planen er å etablera eit massetak på eigedomen. Steinmassane skal mellom anna nyttast til elveforbygging og støttemurar i naturstein. Humushaldige lausmassane kan nyttast til jordforbetring.

§ 2 Områdeoversikt

Området skal nyttast til:

Bygg- og anleggsområde, PBL §12-5.1: Massetak

Samferdsel og teknisk infrastruktur, PBL §12-5.2: Eksisterande anleggsveg frå tilkomstveg til Eide Gard

Landbruks-, natur- og friluftsområde, PBL §12-5.5: Jord- og skogbruk

§ 3 Bygg og anlegg

3.1. Massetak.

a) Krav om driftsplan:

Det skal utarbeidast ein driftsplan for området som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning (DFN) og Luster kommune. Driftsplanen skal utarbeidast etter krava DFN set til slike planar og etter dei krava som vert sett i reguleringsplanen. Driftsplanen skal normalt ajourførast kvart 5. år eller etter nærmere avtale med DFN. DFN skal føra tilsyn med at drifta skjer i samsvar med driftsplanen.

Driftsplan skal elles:

- Vise plassering av støyvoll og knusar
- Vise etappevis uttak
- Vise tiltak som hindrar avrenning frå driftsområdet.
- Vise korleis uttaket skal pyntast og avsluttast, både etappevis og endeleg.
- - Driftsplanen skal omtale forureining og korleis muleg forureining vert handtert.
- Omtale HMS/ HMS-tiltak i uttaket

b) Bygging av støyvoll:

Det skal i samsvar med plankartet og planomtalen byggjast støyvoll mot nord-aust og sør-vest. Støyvollen skal etablerast med høgde og breidde i tråd med planomtale, og skal dekke for knuseverk og liknande aktivitet. Overskotsmassar kan nyttast til bygging av støyvoll. Etter avslutta drift kan desse massane nyttast til planering av området.

c) Massane skal kunna lagrast innan området. Overskotsmassar kan nyttast til bygging av interne vegar.

d) Aktiviteten i massetaket skal tilpassast følgjande tider:

Bearbeiding som pigging og bruk av knusemaskin skal berre skje mellom klokka 07:00 og 17:00 på kvardagar og mellom klokka 10.00 og 14.00 på laurdagar.

Graving/masseflytting/ utkjøring av massar er tillate utover desse tidene.

3.2. Tilstelling og bruk av områda etter avslutta uttak av massar.

a) Avdekkingsmassane skal leggjast til side og nyttast til tilstelling av området etter avslutta uttak.

b) Heile planområdet skal først attende til landbruks- natur- og friluftsområde når massetaket er avslutta.

§ 4 Samferdsel og teknisk infrastruktur

a) Innan føremålet kan det gjerast naudsynte utbetringar og vedlikehald av vegen.

§ 5 Landbruks,- natur- og friluftsområde

a) Området er regulert til naturføremål i tråd med dagens bruk.

§ 6 Omsynsoner

a) Omsynsone/faresone for "høgspentline" er inntekna på plankartet med farefråstandar 30 m frå senter. Fareområdet ligg innanfor området regulert til naturføremål og det vert ikkje etablert innretningar i strid med gjeldande forskrifter for tryggleik i samband med høgspenanlegg.

b) Omsynsone/faresone ras og skredfare gjeld heile planområdet og er delt i S1, S2 og S3. Det kan ikkje etablerast bygg i området som er i strid med retningslinjer for faresone ras.